



# Profesjonelle arbeidslag

August 2015

Sjur Ove Svartveit – Prosjektgruppa



# Bakgrunn

Fruktlagera har ofte (og aukande) etterspurnad etter arbeidshjelp til arbeidsoppgåver i samband med fruktproduksjon.

Variabel kvalitet på innleverte produkt indikerer også at innleid arbeidshjelp ikkje alltid har nødvendig kompetanse.

Mange produsentar ynskjer heller ikkje å ta ansvar og arbeidet med legehjelp.

I Ullensvang er det truleg rundt 300-400 sesongarbeidarar og dei fleste store produsentar har egne tilsette. Eit tilbod frå fruktlagera vil berre vera eit supplement til dagens løysing.

**Fruktlagera ber no om attendemelding frå produsentane om dette skal arbeidast vidare med. Svarskjema ligg på [DyrkSmart.no](http://DyrkSmart.no)**



## Forslag til løysing

- På bakgrunn av innhenta informasjon tilset fruktlagera personell som primært skal arbeida hjå produsentane, men inngå i lageret sitt produsjonsapparat i pakkesesongen.
- Fruktlagera syter for (i samarbeid med Norsk Fruktrådgiving Hardanger) for nødvendig opplæring.
- Fruktlagera har alt lønns og rapporteringsansvar .
- Produsentane vert fakturert etter medgått arbeidstid til ein timesats som ligg på nivå med Folgefonna Landbrukstenester – rundt NOK 230.
- Det vert utforma ein avtale som regulerer tilhøvet mellom Fruktlager (tenestetilbydar) og produsent (tenestekjøpar) og klargjer ansvarstilhøve og arbeidsoppgåver.



## Korleis vil dette fungera i praksis

- Produsenten tingar arbeidshjelp via eige skjema på nettet før 1. desember året før arbeidet skal utførast , kva arbeidsoppgåver som skal utførast og ca. når han/ho ynskjer dette utført.
- Med unntak for hausting (både tid og omfang er så usikkert at her må fruktlageret fordela ledig kapasitet løpande) vil fruktlageret i løpet av desember sikra nok arbeidskapasitet og senda ut avtalar til produsentane.
- Innafor avtalt tidsrom vil produsenten få avtalt arbeid utført.
- Når arbeidet er utført skal produsenten fylla ut eige skjema der han/ho vurderer kvaliteten på utført arbeid.
- Produsenten mottok faktura for utført arbeid.



[www.dyrksmart.no](http://www.dyrksmart.no)

FOTO: Johs. Sekse